

**Fra:** Knut Børgesen (knut@vinhuset.no)

**Sendt:** 09.11.2015 15:48:48

**Til:** Fylkesordfører

**Kopi:**

**Emne:** Bakgrunnsinformasjon om Hordfast - Folkeaksjonen mot Bru over Bjørnafjorden

**Vedlegg:**

Til fylkesordfører Anne Gine Hestetun

Folkeaksjonen mot bru over Bjørnafjorden ser frå media at du ønskjer å setja deg grundig inn i Hordfast. Vi inviterer deg derfor til eit møte for å dela det vi har av informasjon om saka.

Vi kjem gjerne til ditt kontor, men det aller beste er sjølv sagt om du har tid til å vera med oss på tur på Bjørnafjorden. Då kan vi visa deg kvar og korleis dei forskjellige løysingane kjem i landskapet.

Folkeaksjonen arbeider først og fremst for å bevara Bjørnafjorden, men vi innsåg raskt at om vi skulle bli ei stemme å rekna med, så måtte vi setja oss grundig inn i heile saksbiletet. Dei tre åra vi har jobba med saka har vi tileigna oss mykje innsikt og kunnskap som er vanskeleg å få fatt på gjennom andre fora.

I sist stortingsperiode hadde vi god kontakt med samferdselsdepartementet; først og fremst statssekretær Sigrid Brattabø Handegard. Vi hadde også besøk av dåverande samferdsleminister Marit Arnstad. Vi er godt kjent med at dette var ei vanskelig sak for den førre regjeringa, og at det var mange spørsmål departementet ønskte belyst før den endelege traseen kunne veljast.

Vi har også hatt besøk av forskar Harald Minken frå Transportøkonomisk institutt, og sett oss godt inn i tala for trafikkgrunnlag og framtidig lønsemd. Vi meiner at prognosane som er nytta er alt for optimistiske og at avgjerda om midtre trasé er svært dårleg fundamentert.

Folkeaksjonen støttar tanken om ferjefri E39, i alle fall når det gjeld Hordfast. Men vi er redde for at dess lenger ein klamrar seg til ideen om 4-felts- motorveg og kryssing av Bjørnafjorden (med uprøvd teknologi), dess lenger tid vil det ta å få realisert prosjektet. Derfor er det svært positivt at du som ny fylkesordfører ønskjer å setja deg inn i saka frå grunnen av.

Edruskapen må tilbake i prosjektet, og det må nedskalerast. Vi håper derfor at du finn tid til å møta oss. Vi tek gjerne på oss å arrangera transport og omvising for deg og andre du meiner bør delta.

Venleg helsing

Knut I. Børgesen

Leiar i Folkeaksjonen mot bru over Bjørnafjorden

Tlf: 934 53 555